



Menneskeverd

i sentrum



Ørsta Kristeleg Folkeparti
2019–2023
Kommunevalet 2019

Ørsta KrF vil byggje kommunen vår for nye generasjonar. Byggjesteinar som menneskeverd, forvaltaransvar og neste-kjærleik legg eit godt grunnlag for eit samfunn der born, unge og vaksne kan få utfalde seg og vekse.

Frivillige lag og organisasjonar legg ned eit stort og viktig arbeid.

Ørsta KrF vil styrkje dette viktige arbeidet og vil leggje til rette for at frivillige aktørar får betre vilkår.

Saman for eit varmare samfunn



Ørsta KrF vil vektleggje desse sakene:

SKULE, OPPVEKST OG KULTUR

- ◆ KrF vil at barnehagar, skular og kulturliv skal byggje på respekt for den kristne arven.

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ sikrere skuleveggar, naudsynt rehabilitering av skulebygg og auka lærartettleik
- ◆ å støtte det kulturalarbeidet som vert drive av kristne, humanitære og sosiale organisasjonar
- ◆ å støtte barne- og ungdomsarbeid som fremjar positiv sjølvaktivitet
- ◆ å gi tilskot til forsamlingshus
- ◆ at rom i kommunale bygg vert stilt til disposisjon for byggjande kulturaktivitetar
- ◆ å styrke drifta av Kulturskulen
- ◆ å arbeide for eit betre SFO-tilbod
- ◆ nybygg til Ørsta vidaregåande skule

HELSE OG OMSORG

Ut frå Kristeleg Folkeparti sitt menneskesyn er det ei høgt prioritert oppgåve å gi aktiv livshjelp frå fosterstadiet til den naturlege død. Ørsta KrF ynskjer difor å gi innbyggjarane varme, tryggleik og omsorg i alle fasar av livet.

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ helsefremjande haldningar, ein sunn og god livsstil m.a. gjennom Frisklivssentralen
- ◆ å styrkje arbeidsmåtar som fremjar meistring i alle livsfasar
- ◆ eit koordinert og fleksibelt helse- og omsorgstilbod som er best mogleg tilpassa den einskilde i alle livsfasar



- ◆ å leggje til rette for aktivitets- og trivselstiltak gjennom godt samarbeid med frivillige organisasjonar
- ◆ eit lokalsamfunn som inkluderer personar med nedsett funksjonsevne i fritidsaktivitetar og i arbeidsliv
- ◆ å la Frivilligsentralen vere eit godt knutepunkt for mange helsefremjande aktivitetar
- ◆ å oppretthalde og utvikle ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
- ◆ å stimulere til førebyggjande vaksinasjonsprogram
- ◆ å behalde og utvikle Mork Rehabiliteringssenter
- ◆ å sikre Volda sjukehus som fullverdig lokalsjukehus med akuttilbod og fødeavdeling
- ◆ å drive førebyggjande arbeid mot mobbing
- ◆ mindre uønska deltid i helse- og omsorgssektoren

ELDREPOLITIKK

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ å styrke heimebasert omsorg
- ◆ faste løyvingar til omsorgsløn
- ◆ å sikre differensierte omsorgstilbod, t.d. dagsenter
- ◆ å sikre tilgjengelege korttids plassar
- ◆ framleis allsidig drift ved Aktivitetssenteret på Bakk-Ola-marka
- ◆ å bruke den ressursen eldre kan utgjere som frivillige i t.d. barnehagar, kulturskular, kyrkjer, idrett m.m.



EIT SAMFUNN FOR ALLE

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ at tilhøva vert lagt til rette slik at alle kan vere mest mogleg sjølvhjelpete – både ute, i eigen bustad og i offentlege bygg.
- ◆ at fysiske hindringar vert fjerna og at eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar vert reservert og merka for rørslehemma
- ◆ å leggje til rette fritidstilbod for alle, t.d. fiskeplassar og badeplassar
- ◆ å arbeide for universell utforming
- ◆ å arbeide for fleire gang- og sykkelveggar

KAMP MOT RUSGIFTENE

KrF vil framleis føre ein målretta kamp mot alle rusgifter. Vi ser rusgiftene som vårt største sosiale problem. Vi støttar derfor IOGT sine haldnings-skapande kampanjar, som oppmodar til kvite dagar utan rus når ein er saman med born.

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ å redusere talet på skjenkeløyve
- ◆ opplysning og informasjon som kan føre til mindre rusmiddelbruk
- ◆ å støtte rusfrie kulturtilbod, som t.d. Kaihuset
- ◆ å redusere opningstid og skjenketid på skjenkestadane
- ◆ å støtte frivillige organisasjonar som driv rusførebyggjande arbeid
- ◆ at bensinstasjonar ikkje skal få løyve til å selje alkohol

HEIM OG BUMILJØ

Vern og styrking av heimen. Gode, trygge heimar er grunnlaget for eit godt samfunn.

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ tiltak som kan verne og styrke heimen t.d. samlivskurs og kontakt med familievernkontoret i Ålesund
- ◆ at barnehagane framleis skal ha kristen verdiforankring
- ◆ at kommunen skal leggje til rette for bustadbygging i krinsane
- ◆ å styrke det førebyggjande barnevernet
- ◆ avlastingstilbod til familiar med særlege behov
- ◆ ein reinare kommune, redusere matsvinn og drive med kjeldesortering



KYRKJE OG KRISTENSAMFUNN

Den kristne innsatsen gjennom forkynning, sjelesorg og sosialt arbeid har grunnleggjande verdi for folket vårt.

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ at kyrkja får arbeidsvilkår og midlar som gjev høve til å oppretthalde aktiviteten i samsvar med Kyrkjelova
- ◆ at dei frikyrkjelege og frivillige organisasjonane får støtte og gode arbeidsvilkår
- ◆ at ein vidarefører ordninga med midlar til trusopplæring i frivillige organisasjonar
- ◆ å arbeide for at helgefreden vert verna, ved å seie ja til søndagen som ein annleis dag
- ◆ at kyrkjene kan tilby barnehage- og skulegudstenester

UNGDOMSPOLITIKK

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ å leggje til rette for rusfrie fritidstilbod og vidareføre arbeidet med Kaihuset
- ◆ å sikre drift av Ungdomsrådet
- ◆ at tilgang på lærlingeplassar vert auka
- ◆ å støtte Natteramn-arbeidet
- ◆ å få ein helsestasjon for ungdom i Ørsta
- ◆ psykologtenester for ungdom
- ◆ at ungdomane får ein rusfri stad å vere nattestid i helgane liknande det Betel arrangerer for unge i Volda



RESSURS- OG NATURVERN

Miljøet vi lever i har svært mykje å seie for helse og trivsel. Utfordringane i Ørsta kommune er å ta vare på rein luft og reint vatn for framtida.

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ å ta vare på kulturlandskapet og matjorda
- ◆ å sikre og vedlikehalde naturområde til allment bruk
- ◆ å vere ein pådrivar for at tiltaka i Ørsta kommune sin klimaplan vert oppfylte, samt stimulere til at innbyggjarane kan gjere gode og miljøretta val
- ◆ eit berekraftig samfunn der vi tek klimautfordringane på alvor
- ◆ miljøsertifisering av kommunale einingar
- ◆ å leggje til rette for bruk av fornybar energi
- ◆ å leggje til rette for fleire ladepunkt for elbilar

SAMFERDSEL/KOMMUNIKASJON

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ E39 Ørstafjordkryssinga for å flytte trafikken utanom Ørsta sentrum
- ◆ lenging av Torvmyrvegen, slik at det også kan gå bussar til flyplassen
- ◆ utbetring av kommunale vegar.
- ◆ trafikktryggingstiltak for mjuke trafikantar
- ◆ at kommunen skal medvirke til vidare utbygging av gang- og sykkelvegar
- ◆ gode kommunikasjonar via kommunale og regionale vegar og gjennom fly- og ferjetilbod
- ◆ å leggje til rette for kollektive transportmiddel t.d gjennom utvida ringbussrute
- ◆ å utbetre fylkesveg 60 Hellesylt – Grodås

LANDBRUK OG NÆRING

Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ å oppretthalde det gode samarbeidet med Volda kommune
- ◆ å gje bedrifter og etablerarar føreseielege og gode arbeidsvilkår
- ◆ å leggje til rette for nyetableringar og gründerskap gjennom tilskot og rådgjeving
- ◆ å gje årlege tilskot til Ørsta Næringskontor
- ◆ å sikre nødvendig næringsareal



- ◆ å leggje til rette for tilleggsnæringar i landbruket, t.d. turisme
- ◆ at landbruket får gode kår
- ◆ at verksemdar inkluderer personar med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet
- ◆ å oppretthalde Ørsta trafikkstasjon

Kommunesamarbeid 2019–2023

Søre Sunnmøre har i løpet av dei siste åra utvikla seg til ein samla bu- og arbeidsmarknad. Ikkje minst bind nye vegsamband kommunane og folket saman på nye måtar. Det er difor ønskeleg at desse kommunane utviklar eit tettare samarbeid. For oss gjeld dette i særleg grad Volda og Ørsta som har føresetnader til å framstå som tyngdepunkt i ein ny og utvida region.

Volda og Ørsta KrF vil arbeide for:

- ◆ Volda sjukehus som lokalsjukehus med akuttkirurgisk tilbod og fødeavdeling
- ◆ Å oppretthalde og utvikle Mork Rehabiliteringssenter
- ◆ Å utvikle det interkommunale legevakttilbodet
- ◆ Å framleis ha eit godt samarbeid med Volda om fellesløysingar og tenestetilbod, og vidare arbeide for samanslåing av Volda kommune og Ørsta kommune
- ◆ Framskunding av E39 med tunnel mellom Volda sentrum og Furene
- ◆ Ørstafjordkryssing som framtidig vidareføring av E39
- ◆ Utvikling av Ørsta-Volda lufthamn Hovden og for auka kapasitet på flyruter til Oslo og Bergen, samt etablere flysamband til Trondheim
- ◆ Realisering av samanhengande gang- og sykkelveg mellom Ørsta og Volda
- ◆ At ekspressbussrute mellom Volda-Kristiansund vert oppretthalden som før og arbeide for å forlenga den til Stryn
- ◆ Styrking av kollektivtilbodet gjennom Eiksundsambandet
- ◆ Utbetring av fylkesveg 60 Grodås-Hellesylt
- ◆ Vidare utvikling av Volda vidaregåande skule og ny vidaregåande skule i Ørsta
- ◆ At Søre Sunnmøre tingrett i Volda og Sunnmøre jordskifterett i Ørsta vert oppretthaldne
- ◆ Å vidareføre samarbeid om Fairtrade

GODE GRUNNAR FOR Å VELJE

Kristeleg Folkeparti har som hovudmål å fremje ein demokratisk politikk bygd på det kristne verdigrunnlaget. Dei som står på KrF-lista vil arbeide for å ta vare på menneskeverdet, praktisere nestekjærleik og ta forvaltaransvaret alvorleg.

Ørsta KrF vil:

1. Fremje ein politikk bygd på kristne verdiar
2. Drive førebyggjande arbeid mot mobbing
3. Styrke familiane gjennom tilbod om samlivskurs og møte med famlievernkontor
4. Styrke rusfrie fritidstilbod og sikre drifta av Kaihuset
5. Sikre gode skuletilbod og skulebygg i kommunen
6. At alle innbyggjarane saman skal kunne bidra på miljøfronten t.d. når det gjeld avfallssortering og mindre matsvinn
- 7 At Ørsta kommune skal vere ryddig og fin
8. Sikre drifta av Frivilligsentralen
9. Ta vare på kulturlandskapet og matjorda
10. Fokuserer på folkehelsearbeid, støtte Frisklivssentralen og folkehelsekoordinatoren sitt arbeid

Valliste for Ørsta Kristeleg Folkeparti kommunevalet 2019–2023

- 1 Hjørdis Almelid Vikenes, Lerkevegen, f. 1971
- 2 Roger Vartdal, Nordre-Vartdal, f. 1953
- 3 Marta Aa Standal, Ytre-Standal, f. 1953
- 4 Rita-Irene Haukeland Vatne, Vatne, f. 1965
- 5 Trond Vartdal, Hovdebygda, f. 1963
- 6 Hans Olav Øyehaug, Mosmarka, f. 1962
- 7 Geir Høydalsvik, Mo, f. 1968
- 8 Kari Aamaas, Kyrkjegata, f. 1945
- 9 Annemor Henjum Moe f.1939
- 10 Peder Vikenes, Lerkevegen, f. 1969

*Menneskeverd
i sentrum*